

STORDAL KOMMUNE  
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING  
13.03.2014

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I STORDAL KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 20.03.2014 kl. 10.00**  
**på rådhuset**

**SAKLISTE:**

- « 01/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 25.11.2013
- « 02/14 - Praksis vedkomande møtebøker i Stordal kommune
- « 03/14 - Utgreiing om organisering av revisjonsdistrikt
- « 04/14 - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no)

Ingrid Løset  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
STORDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 25. november 2013, kl. 16.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades: Jonas Falch og Roger Lillebø

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Stordal kommune møtte rådmann Lars Joranger i sak 20/13 og 21/13.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

**SAK 19/13**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 24. SEPTEMBER 2013**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 24. september 2013 blir godkjent.

**SAK 20/13**

**OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.11.2013

Orientering gitt av rådmannen.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt ein oversikt over oppfølging av politiske vedtak 2 gonger pr. år.

**SAK 21/13**  
**INNKOMNE BREV TIL KONTROLLUTVALET**

Korrespondanse mellom fysioterapeut og rådmannen

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til foreløpig orientering.

**SAK 22/13**  
**PLANLEGGING OG PRIORITERINGAR FOR 2014 (DRØFTINGSSAK)**

Saksdokument datert 19.11. 2013 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Temaet blir å arbeide vidare med. Etter mottak av innspel frå medlemmane lagar sekretariatet i samråd med leiar ei planskisse for 2014.

Ingrid Løset  
leiar  
(sign.)

Jonas Falch  
nestleiar  
(sign.)

Roger Lillebø  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stordal kommune

Dato: 10.03.2014

**SAK 02/14  
PRAKSIS VEDKOMANDE MØTEBØKER I STORDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Brev frå Anna Marie Drægebø Moe datert 16.02.2014

Brevet har som utgangspunkt at medlemmane i eit utval ikkje får tilsendt «referatet» - her er vel meint møteboka til gjennomlesing før det blir gjort offentleg kjent. Bakgrunnen for dette er oppgitt å vere at det vil føre til meirarbeid.

Kontrollutvalet sine oppgåver går fram av kommunelova § 77 og kontrollutvalforskrifta.

I flg. Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, skal kontrollutvalet føre løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Dette går fram av § 4 som lyder slik:

*Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning. Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.*

Kontrollutvalet har ikkje plikt til å behandle andre saker enn dei som utvalet får seg førelagt av kommunestyret eller der det går fram av lov eller forskrift.

Kontrollutvalet er etter gjeldande lov og forskrift ikkje ein kommunal klageinstans, men vil i kvart enkelt tilfelle vurdere om det ut i frå vesentlegheitsvurderingar kan vere formålstenleg å ta opp slike saker. Men då må formell klageadgang være fraværende.

Kontrollutvalet kan derimot av eige tiltak i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd så lenge dette kan definerast som tilsyn eller kontroll. Når det gjeld bestillinger frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka høyrer til under utvalet sitt kompetanseområde og om det er ønskjeleg å prioritere denne.

Kontrollutvalet har ikkje mynde til å avgjere ei sak til gunst eller ugunst for ein part, men kan naturleg nok dersom utvalet ønsker det og økonomiske ressursar er stilt til disposisjon,

undersøkje saksbehandlinga i kommunen. Kontrollutvalet må ut i frå det som her er nemnt vurdere om det er ønskjeleg å gå inn i denne saka.

Eg har teke opp spørsmålet med leiar i kontrollutvalet som meiner temaet er sopass prississippielt at det kan leggst fram som sak for kontrollutvalet.

Regelverk for føring av møtebøker finn ein i kommunelova § 30 nr. 3 og det er kommunestyret som skal fastsette reglar for føring av møtebok. Dette er faktisk ein plikt.

I boka Kommuneloven med kommentarer av Bernt og Overå er det gitt gode rettleiingar om temaet.

Ansaret for at det blir ført møtebok ligg til leiaren av eit utval. Ettersom møteboka er utvalet si møtebok er det viktig at utvalet sine medlemmar kan innestå for det som er protokollert. Av den grunn er det nødvendig at møteboka blir godkjent etter kvart møte. Godkjenniong kan skje på fleire måtar:

1. Møteboka blir underskriven umiddelbart ettyer at møtet er slutt.
2. Utvalet oppnemner to eller fleire personar til å gå gjennom møteboka og godkjenne denne på vegne av utvalet.
3. Utkast til møtebok blir sendt alle medlemmane i utvaletmed kort frist til å kome med merknader. Dersom merknader ikkje kjem inn innen utløpet av fristen, er møteboka å rekne som godkjent.
4. Møteboka blir godkjent i neste møte.

Ein ulempe ved den siste metoden er at det kan ta lang tid til neste møte og at administrasjonen vil nøle med å sette vedtaka ut i livet før dei sikkert veit at protokollen faktisk er godkjent. Den beste måten å løyse protokolleringa på er nok ein kominasjon punkt 3 og 4. Ved denne metoden får ein høve til på ein trygg måte å sette vedtaka ut i livet tidleg og frå eit kontrollsynspunkt og behovet for oversikt blir protokollen formelt behandla i neste møte.

Det er viktig å merke seg at dei vedtak som blir gjort ikkje kan endrast eller justerast ved seinare endring av protokollen.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet sluttar seg til dei konklusjonane som kjem fram i saksutgreiinga.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Anna Margrethe Drægebø Moe  
6250 Stordal

16/02/2014

Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat  
6022 Ålesund

### **Vedkjem praksis vedkomande møtereferat i Stordal kommune**

Som representant for ein brukarorganisasjon er eg med i gruppa som planlegg sansehage i Stordal. I samband med referata frå møta stiller eg meg undrande til den praksisen kommunen har seinare år.

Eg har overfor omsorgsleiar Else Midtbust og Tine Steinset (tittelen er ukjent for meg ) i møte gitt klart uttrykk for at gruppemedlemmene bør få tilsendt referatet for gjennomlesing og få høve til å gje tilbakemeldingar til referenten før referatet vert offentleggjort for å rette eventuell feil/mistydingar. Dvs kvalitetssikre referat. I møtet 18.11.2013 fekk eg til svar at det kan ikkje omsorgsleiar gjere fordi det ville verte mykje meirarbeid dersom ho skal omarbeide/skrive inn endringar i referatet.

Eg legg ved referatet frå møtet 18.11.2013.

Då referatet frå 28.05.2013 hadde vore vedlegg til ei sak som var handsama i kommunestyret, tok eg opp spørsmålet om det er rett å endre på/godkjenne eit referat etter det har vorte eit offentleg dokument/brukt som saksvedlegg. Det kan vel kallast å forfalske eit dokument dersom det vert endra i ettertid, hevda eg.

Svar på spørsmålet mitt står å lese i sak 1 i vedlagde referat: *”Det blei ytra ynskje om å få tilsendt møtereferatet for uttale og godkjenning før offentleggjering. Dette er ikkje praksis i Stordal kommune frå tidlegare og ein vel å følge vanleg praksis vidare.”*

Det er mogleg eg stiller litt store krav til kvalitet og formalitetar som kommunen meiner det ikkje er behov for.

Også referatet frå møtet 18.11.2013 inneheld mangel/feil, her i sak 4, men det er uråd å få rette på med den haldning kommunen målber under sak 1. Sjølv om det er anonymisert kven som kjem med ytringar vert ikkje feilen mindre. Formuleringane var ikkje slik dei står i i sak 4, der informasjon har vorte skrive om til ønskje. Og ei saksopplysning har ikkje vorte teken med.

Eg ber kontrollutvalet vurdere om kommunen skal ha slik praksis som det vert gjeve uttrykk for i dei to siste linjene under sak 1. Dvs at ein medlem ikkje skal kunne få korrigere feil.

Med helsing

  
Anna Margrethe Drægebø Moe



- des folk: trinnat !

**Mottakarar:**

Aud Tafjord

Mental helse v/ Anna Margrethe Drægebø

Moe

Robert Møller

Stordal helselag v/ Trond Arnes

Tine Steinset

Trond Alstadsæter

Stordal kommune

Moe

6250 STORDAL

Stordal kommune

Hovslia

6250 STORDAL

**Dykkar ref.****Vår ref.**

12/259-21/FE-614, FA-H00/EM

**Dato:**

20.12.2013

**Møtereferat sansehage****18.11.2013**

Desse møtte:

Helselaget v/ Trond Arnes

Mental helse v/ Anna Margrethe Drægebø Moe

Tilsetterepr Aud Tafjord (deler av møtet)

Ingeniør Trond Alstadsæther

Etatsleiar Tine Steinset

Omşorgsleiar Else Midtbust

Forfall

Vaktmester Robert Møller

Sak 1 – gjennomgang og godkjenning av møtereferat datert 28.05.13

Mental helse ynskte å få føye til referatet av 28.05.13 opplysningar gitt i møtet at laget kan søkje om extramidlar med søknadsfrist i mai og tildeling i november.

Det blei ytra ønske om å få tilsendt møtereferatet for uttale og godkjenning før offentliggjøring.

Dette er ikkje praksis i Stordal kommune frå tidligare og ein vel å følgje vanleg praksis vidare.

Sak 2 – Planprosess/ planskisse

Trond Alstadsæther la i møtet fram ei planskisse over sansehagen med tilhørande forslag til innreiingselement og priskalkyle. Det er tenkt slik:

1. Glassrekkverk med høgde på 1 meter oppå natursteinsmuren. Møtet kommenterte at

toppskinne oppå veggens må vurderast og også glipen som kan bli under veggens

2. Nettinggjærde med høgde på 1,2 meter ekskl betongsåle langs sidene mot øst og vest.

Postadresse Kommunehuset 6250 Stordal	Servicekontoret 70 27 91 00 Bankgiro 3902.07.00711	Telefaks	Sakshandsamar dir. tlf. 70 27 91 64	Avd. telefonnr.	Organisasjonsnr. 00964980276
E-mail adr.: <a href="mailto:postmottak@stordal.kommune.no">postmottak@stordal.kommune.no</a>					

3. Trerekker i front/ mot nord – med 2 delt port i midten. Møtet ytra ønskje om royalimpregnert materiale i rekkverket. Høgda på gjerdet blei drøfta, om 1,3 meter totalt er tilstrekkeleg. Trond vil kvalitetssikre dette, evt med Aldring og Helse.

4. Eksisterande hekk må ha jordforbetring og skifte av eksisterande planter etter behov.

5. Tenkt element i hagen er 4 frukttrær, ei grønnsaksåker på 3x3 meter, 5 busker, 3 fuglebur, høsehus, paviljong på treplattung, reiskapsbod, blomsterbed og hagemøblar/ benkar.

6. Det er tenkt ledelinje i granitt langs stien i anlegget. Alt er tenkt i eit nivå utan snublekant.

#### Sak 3 – økonomiske ressursar

Omrammainga blir finansiert med kommunale midlar og midlar det er søkt om frå husbanken.

Dugnad med maling og beising er tenkt utført i regi av helselaget og mental helse (kr 30.000).

Helselaget vurderar å søkje midlar til sanseelement i hagen.

Mental helse kan evt søke midlar hjå extrastiftelsen med søknadsfrist 10. mai.

#### Sak 4 – eventuelt

I haust har det regionalt vore arrangert eit "søke midlar kurs". Mange av tipsa om søkeinstansar på dette kurset var retta mot ulike organisasjonar samt pårørande- og velforeningar, ikkje mot det offentlege. Det blei i møtet sett fram ønske om at prosjektet sansehage kan knytte til seg ei kommunal prosjektleiar for å ta seg av arbeidet med å søkje om tilskotsmidlar. Dette ønskje kan kommunen ikkje imøtekomme, men lag og organisasjonar er velkomne til å ta kontakt med kommunen og få ut relevante opplysningar til eventuelle søknadar.

Neste møte er i mars/ april 2014. Tema blir framdrifta i prosjektet med fokus på kva midlar det er søkt på/ vil bli søkt på. – og av kven.

Med helsing  
Stordal kommune

Else Midtbust  
omsorgsleiar



**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stordal kommune

Dato: 13.03.2014

**SAK 03/14  
UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT -  
ORIENTERINGSK**

Som vedlegg følger:

- Notat frå interimsgruppa – Kommunal revisjon i Møre og Romsdal

Det blir vist til vedlagte notat. Dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen vil gi ei nærare orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

---

**Kommunal revisjon i  
Møre og Romsdal**

---

---

**30. august 2013**

---

## Møre og Romsdal – kommunal revisjon

Ønske om å få etablert et interkommunalt samarbeid om revisjon for alle kommuner og fylkeskommunen i Møre og Romsdal har flere ganger vært oppe til vurdering.

Høsten 2012 ble en invitasjon til samarbeid sendt fra styret i Kommunerevisjonsdistrikt II til kontrollutvalget i Møre og Romsdal Fylkeskommune. Denne invitasjonen ble behandlet i kontrollutvalget og deretter i fylkestinget. Det ble her vedtatt å utrede alle sider ved et samarbeid med Kommunerevisjonsdistrikt II, i tillegg ble det åpnet for at andre kommuner i fylket kan bli med i utredningsarbeidet. Fylkestinget vedtok også at utredningen skal legges fram for fylkestinget før eventuelle forhandlinger om etablering av en felles revisjonsenhet.

Etter positivt vedtak i fylkestinget har interessentene i samarbeidet satt ned en interimsarbeidsgruppe med deltagere fra kontrollutvalgene og fra revisjonsenhetene. Interimsarbeidsgruppen har sendt invitasjon til alle kommuner v/kontrollutvalgssekretariatet og revisjonsdistrikt i fylket, og invitert dem til å delta i arbeidet. Etter denne invitasjonen er det foreløpig Distriktsrevisjon Nordmøre IKS som har meldt sin interesse for å delta i utredningen, og derved er blitt med i interimsarbeidsgruppa.


Interimsarbeidsgruppa har nå følgende deltagere:

Navn	Rolle	Fra
Ingvild Bye Fugelsøy	Revisor/tillitsvalgt	Distriktsrevisjon Nordmøre IKS
Anny Sønderland	Revisor/tillitsvalgt	Kommunerevisjonsdistrikt II
Ronny Rishaug	Revisor/tillitsvalgt	Fylkesrevisjonen
Åse Eriksen	Sekretær	Kontrollutvalgene i Romsdal
Harald Svendsen	Sekretær	Kontrollutvalgene på Nordmøre
Hans Blø	Sekretær	Kontrollutvalget i fylkeskommunen
Sigmund Harneshaug	Revisjonssjef	Kommunerevisjonsdistrikt II
Finn Å. Ødegård	Revisjonssjef	Fylkesrevisjonen
Bjarne Dyrnes	Revisjonssjef	Distriktsrevisjon Nordmøre IKS

Interimsarbeidsgruppa mener utredningsarbeidet må ha en forankring hos alle deltagere og foreslår at det etableres en styringsgruppe som leder dette arbeidet. De som ønsker å delta i utredningen inviteres til et møte i representativt organ hvor styringsgruppen velges, og hvor mandatet for utredningen blir fastlagt.

Interimsarbeidsgruppen legger i dette notatet fram forslag til mandat, organisering og framdriftsplan for utredningen.

## Prosesskart



## Mandatet for utredningen

Alle kommunene som er invitert med i utredningen er godt fornøyd med sine revisjonsenheter i dag. Det er derfor framtidens utfordringer og hvordan disse skal møtes som er grunnlaget for utredningen. Arbeidsmarkedet er stramt i vår region, og det har vært utfordringer med rekruttering av revisorer ved enkelte anledninger. Kommunal revisjon vil også av enkelte arbeidssøkere kunne oppleves som en nisje i markedet, noe som kan gi større utfordringer på området i framtiden. En større revisjonsenhet gir større fagmiljø og kan bidra til breiere og bedre rekruttering. Utredningen bør derfor ha som fokus hvordan en kan bidra til å beholde og rekruttere kompetansen kommunene har behov for i framtida.

Trenden i revisjonsbransjen er større enheter, noe som også reflekterer samfunnsutviklingen innen kommunesektoren. Samhandlingsreformen er et eksempel som stiller nye krav til kompetanse for både kommunene selv og kommunens revisor. Blir det færre og større kommuner i fremtiden er det med på å forsterke behovet for større revisjonsenheter.

Vi foreslår at utredningen blir gjennomført etter følgende mandat:

*Utredningen skal innledningsvis beskrive revisjonens oppgaver, lovmessig grunnlag og intensjoner for den kommunale revisjonsordningen, herunder avgrensning i forhold til rådmannens ansvar for internkontroll og tilsynsmyndighetenes virkefelt.*

*Utredningen skal beskrive hvilke krav og målsettinger som er relevant å stille til en framtidig interkommunal revisjonsordning. Videre skal den belyse fordeler og ulemper med en*

*sammenslåing av revisjonsenhetene sammenholdt med dagens ordninger, herunder i hvilken grad en sammenslåing av enhetene kan bidra til økt kompetanse, høyere kvalitet på revisjonstjenestene, høyere produktivitet eller andre fordeler. Dagens kompetansebeholdning i revisjonsenhetene må også kartlegges.*

*Alternative organisasjonsmodeller og samarbeidsordninger skal være en del av utredningen. Her skal det belyses hva slags bindinger og forpliktelser en eventuell endring av revisjonsordningen vil innebære for kommunene, herunder muligheten for framtidig uttreden av ordningen. Ansattes rettigheter og forpliktelser belyses i utredningen.*

*Det skal belyses hvordan eierkommunene kan utøve eierstyring dersom revisjonen organiseres som et interkommunalt selskap(IKS).*

*Utredningen skal også kort beskrive forholdet mellom revisjonsenheten og sekretariatet for kontrollutvalgene.*

## **Organisering av utredningsarbeidet**

Det har vært gjennomført flere utredninger om kommunal revisjon i Norge de siste årene. Vi har sett på organisering av en tilsvarende utredning på Romerike som førte frem til et felles revisjonsselskap for kommunene der. Vi foreslår i hovedsak å bruke den samme organisering av vår utredning.

Som nevnt innledningsvis foreslår vi at det etableres en styringsgruppe som leder utredningsarbeidet.

Vi har i dag to revisjonsselskap og fylkesrevisjonen som har meldt sin interesse for å delta i utredningsarbeidet. Styringsgruppen kan bli veldig stor dersom alle aktuelle kommuner og fylkeskommunen skal være representert. Vi foreslår derfor at det blir ett medlem fra ett av kontrollutvalgene som tilhørere hver revisjonsenhet i styringsgruppen, til sammen blir det da 3 medlemmer pr dato. For å ha en sterkest mulig forankring politisk mener vi at det er kontrollutvalgsledere som fortrinnsvis må velges til dette. Et alternativ kan være å velge leder av representantskapet eller styret for revisjonsenheten, noe som gir en god forankring mot dagens revisjonsenhet på overordnet nivå. I tillegg mener vi det må være en representant fra de ansatte i styringsgruppen, denne velges av de ansatte.

Vi foreslår også at det settes ned en arbeidsgruppe som skal gjennomføre utredningen.

I arbeidsgruppen foreslår vi at revisjonssjefene i aktuelle enheter deltar, samt at de ansatte får velge en representant. Prosessen involverer svært mange kommuner og flere revisjonsenheter så vi anbefaler også at det vurderes å ta inn en ekstern utredningsleder som kan lede prosjektet.

Dersom flere revisjonsdistrikt/kommuner ønsker å delta i utredningen mener vi at det på samme måte som ovenfor, også da velges en kontrollutvalgsleder fra en av kommunen i det aktuelle revisjonsdistriktet inn i styringsgruppen.

Det bør også velges personlige varamedlem til alle deltagere i styringsgruppen.

Styringsgruppen og arbeidsgruppen kan selv velge sin organisering, men vi anbefaler at det velges en leder for hver av disse som har et særskilt ansvar for fremdriften i arbeidet.

## **Framdriftsplan**

Vi ser mange fordeler med en effektiv framdrift på utredningen. Det er likevel svært mange kommuner involvert og arbeidet vil nødvendigvis ta tid.

Vi legger frem følgende forslag til overordnet framdriftsplan:

- Konstituerende møte med valg av styringsgruppe – innen 30.11.2013
- Utredning lagt frem av styringsgruppen – innen 30.04.2014
- Behandling i respektive kommunestyre/fylkesting – innen 30.06.2014
- Forhandlingsfase for etablering av ny revisjonsenhet – 1.7 til 31.12.14
- Eventuell etablering av ny revisjonsenhet – innen 30.6.2015

Det er mest praktisk å etablere en ny revisjonsenhet 1.7.2015 pga revisjonsarbeidet for regnskapsåret 2014 blir avsluttet i løpet av første halvår 2015.

De kommuner som ønsker å delta i arbeidet må avklare dette innen konstituerende møte i styringsgruppen.

Vi ser at utredningsarbeidet må delvis gjennomføres i årsoppgjøret som er den mest krevende tid for revisjonsenhetene, vi tror derfor det må beregnes såpass tid på dette.

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stordal kommune

Dato: 13.03.2014

**SAK 04/14**  
**TILSYNSRAPPORTAR FRÅ FYLKESMANNEN**

Som vedlegg følgjer to tilsynsrapportar av 19.10.2013 og 12.02.2014 med tilhøyrande dokument frå fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Begge rapportane tek opp svært alvorlege forhold og gjeld brukarar av kommunal helse- og omsorgstenester i Stordal kommune. Begge rapportane er detaljerte og konkluderer med vesentlege avvik på mange lover og forskrifter. Sekretariatet vil ikkje kome inn på desse detaljane, men viser til tilsynsrapportane.

Stordal kommune er ei lita kommune. Når to slike saker kjem opp so kort tid etter kvarandre, vil det vere av interesse om desse er representative for kvaliteten på slike tenester i Stordal kommune. Dersom desse tilfella er ein følge av manglande kompetanse, manglande leing/styring og intern kontroll, kan det vere risiko for at det er mørketal for slike avvik i kommunen.

Det er viktig at rådmannen som øvste administrative leiar prioriterer arbeid med å kartlegge situasjonen og sette i verk tiltak til endringar. Det er vidare viktig at kommunestyret som kommunens øvste politiske organ blir gjort kjent med slike rapportar for på den måten å kunne gjere nødvendige vedtak.

Rådmannen blir kalla inn til kontrollutvalet sitt møte for å gjere greie for kva tiltak han har tenkt å gjere, om kommunestyret har blitt gjort kjent med rapportane og kva rutinar som er etablert for at slike rapportar blir gjort kjent for politiske organ i kommunen.

Harald Rogne  
dagleg leiar